



KVINNHERAD
K O M M U N E

Veg og park

hallvard.revheim@knett.no

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Terje Natland	995 74 121	2021/407-5		05.02.2021

Gjeld brøyting - Heradstun - Gnr 83 & Bnr 51 og Kyrkjevegen 19&21

Viser til tidlegare korrespondanse og svar herfra 19.01.2021.

Vi har funnet og sett gjennom kjøpskontrakt og brev frå 2004 og ser at det der er skrive slik:
sitat:

Viser til samtale den 11.02.2004 på mitt kontor i samband med grensejustering av eigedommane Kyrkjevegen 19 og Kyrkjevegen 21.

Det vert som avtalt gitt ein erstatning for redusert areal på kr. 60,- pr. m2. Årsaka er, som forklart, at Kvinnherad kommune overtek vegen som er knytt til desse to eigedomane, og De vil derfor ikkje ha den byrden som det elles vil vera med å delta i vedlikehald av ein felles privat veg. Reduksjon av arealet på Dykkar eigedom i samband med grensejusteringa er 128,2 m2.

Ut frå det som står her, så virker det som om det er avtalt at Kvinnherad kommune ved grensejusteringa overtar vedlikehald av felles privat veg til Kyrkjevegen 19 og 21.

Eining for veg og park har gjeve melding til entreprenør om at den delen av vegen som går frem til Kyrkjevegen 19 og 21 er kommunal og skal brøytast.

Vonar dette er svar som ønska.

Med helsing

Terje Natland
Einingsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

